

Fest til ære for dei frivillige

03.07.2014

Festidalen

VIL DU VERA FRIVILLIG?

ME TRENG NETTOPP DEG SOM..

..er minimum 18 år

..har pågongsmot

..har eit ynskje om å skape ein heidundrande fest i

Uskedalen fyrste helga i august!

..har eit nokolunde bankande rockehjarte!

DU FÅR:

GRATIS dagspass til ein av festivaldagane

Festidalen t-skjorte

Frivillig-fest før Festidalen

- ikkje minst - gleda av å oppleva eit vanvittig samhald!

**GÅ INNPÅ WWW.FESTIDALEN.NO
OG MELD DEG I DAG.**

**LURAR DU PÅ NOKO, SÅ TA KONTAKT PÅ
FRIVILLEG@FESTIDALEN.NO / TLF. 902 52 223**

**I år freistar me å slå på dei store trommene.
Me fleskar til med ein real frivilligfest!
Fordi våre frivillige fortener berre det beste for
uvurderleg innsats lagt ned i Festidalen.**

**Me spanderer drikke, anten du føretrekk øl, brus eller vatn.
Det blir eksklusiv smaking av Festidalenpølsa, laga av
livsglade svin frå Herøysund.
Og sist, men ikkje minst, talentfulle
Kari Harneshaug vil stå for underhaldninga**

"Ein uslepen diamant", "Trondheims eigen PJ Harvey".

Dette er berre nokre lekke formuleringar som har blitt brukt for å skildre dama. Opprinneleg frå Harøya i Møre og Romsdal, men basert i Trondheim, serverer ho genuin rock av ypperste kvalitet. Med to solide album i bagasjen, et fyrste var blant anna tungvektaren The Guardian svært begeistra for, er dette noko å gle seg til.

Så alle frivillige og de som er nyfikne på frivilligarbeidet, meld deg og set av datoen! Me sjåast i slutten av juli.

Framleis treng Festidalen mange frivillige, rundt 90 stk., og det til ulike oppgåver. Matboden og barane på fredagen er fullt opp, men me treng folk der på laurdagen. I tillegg har det dukka opp ei ny oppgåve dei frivillige kan bryne seg på, me treng nemleg folk til servering under næringsseminaret i Aktivitetshuset

Du vel om du vil ha dagspass til fredagen eller laurdagen for innsatsen din. Nytt av året er også scenevaktene. Desse byrjar på vakt klokka 21.00 og blir til gjengjeld med og ryddar sceneområdet etter arrangementslutt, og hjelper til med delvis nedrigg. Du får sjølvstyre på festivalområdet før du byrjar på vakt, men kan då ikkje nyte alkohol. Så vil du bidra med denne arbeidsoppgåva får du i grunn med deg begge festivalkveldane!

Elles treng me folk til dei vanlege arbeidsoppgåvene, vakt og billettbod, begge dagane.

Alle får som vanleg gratis dagspass til den dagen dei ikkje jobbar, samt Festidalen t-skjorte og dei får vere med på frivilligfesten.

Dersom du helst vil jobbe før og etter festivalhelga, treng vi deg til riggegruppa vår. Arbeidet med å rigge scena føregår onsdag og torsdag, med nedrigg søndag. Riggerane våre får helgepass og ofseleg mykje kjærleik!

Tekst: Hege Digranes, Festidalen
Nett: Ola Matti Mathisen